

## Leder

## Tid for god integrering

**D**et er i stor grad opp til lokalsamfunnet om asylinnvandringen skal styrke eller svekke fellesskapet.

Flyktningbarn skal få det godt i Stavanger, har politikerne i oppvekststyret slått fast. Det samme oppløftende utgangspunktet har også Sandnes og andre kommuner i regionen. Det gir de aller beste mulighetene for vellykket integrering.

For det er integrering det må handle om nå. Om det teoretisk sett er mest til det gode eller motsatt når en bydel som Forus får mange hundre nye innbyggere over natten, er ikke lenger diskusjonstema. Faktum er at denne og andre bydeler og kommuner både opplever dette nå og vil oppleve det på nytt og på nytt den nærmeste tiden.

Om asylsøkere som skal bli værende i Norge kommer raskt i gang med norskopplæring og arbeid, vil omkostningene være ganske annerledes enn om de blir gående uvirksomme og med

## Lokalsamfunnet avgjør om integreringen lykkes.

få tilknytningspunkter til sitt nye hjemland.

Stortingets viktige oppgave er derfor å revidere en praksis der flyktninger blir værende på mottak lenge etter at de har

fått nødvendige oppholds- og arbeidstillatelser. Ordningen som gir enkeltkommuner vetorett i spørsmålet om å bosette flyktninger, er rett og slett ikke lenger bærekraftig. Den må erstattes i del to av flyktningforliket som det nå forhandles om.

Overvekt av enslige menn blant flyktningene har bekymret flere enn de generelt innvandrings skeptiske.

Utfordringen blir annerledes, men ikke mindre, når det nå er svært mange barnefamilier blant flyktningene som tar seg til Europa og Norge. Barna bærer sterkt preg av krig og flukt, og de setter hele tjenesteapparatet på store prøver.

Det gjør i enda større grad den nesten eksplorative økningen i tallet på mindreårige som er kommet alene til Norge.

Nok ressurser i barnehage og skole, voksenopplæring og målrettet arbeidsformidling koster mye i dag, men vil spare samfunnet for store framtidige utgifter. Vilje og evne til å mobilisere det sivile samfunnet er tilsvarende viktig. Holdningene som nå preger regionens frivillige organisasjoner, er en enorm ressurs for mottaksapparatet og må dyrkes og næres av kommunene. Det er så enkelt og så vanskelig som at lokalsamfunnenes innsatsvilje avgjør om flyktningene lykkes med å bli integrert.



PITTER

Flytrafikken på Sola stuper. Kanskje er det grønne skiftet i ferd med å ta av.

## Gjestekommentar

## Vending i vest

Olje og gass kan gå frå å vere ein vekstmotor til å bli ein bremsekloss, og Vestlandet blir ramma hardt.



**Klaus Mohn**  
Professor, Handels-  
høgskolen ved UIS  
og NHH

Sidan tusenårsskiftet har Stavanger-regionen surfa på ei medgangsbølge av dei heilt sjeldne. Ei næringsmessig slagside mot olje- og gassnæringa har gitt stor utteljing så lenge oljeprisen peika oppover. Det me ser no er baksida av medaljen.

Frå å være ein vekstmotor tyder mykje på at olje- og gassnæringa no vil bli ein bremsekloss, og Vestlandet blir ramma hardt. Å basere seg på at omslaget er forbigående er ein stor sjanse å ta, for den siste 15-årsperioden har vore noko heilt utanom det vanlege. Tida har dermed kome for å tenke seg om.

Utanlands samlar merksemda seg om korleis ein skal redusere bruken av dei råvarene me har skodd oss på dei siste tiåra. Til dømes blir miljø- og klimautfordringane blir møtt med internasjonale klimatoppmøte (COP21) og med Grøn skattekommissjon i Noreg. Felles for desse politiske prosessane er at dei vil skjerpe rammevilkåra for fossile brensler, både ute og heime.

## Omstilling av energisystemet

Mot 2050 treng ein eit energisystem der bruken av

## For omstillinga er nok fortsatt den eventyrlege olje-historia ein klamp om foten.

energi blir tygla hardt, og der energieffektiviteten er langt høgare enn i dag. Truleg vil ein trenge ein kraftsektor som er fri for CO<sub>2</sub>-utslepp, eller i alle fall med utstrakt fangst og lagring av CO<sub>2</sub>. På lengre sikt bør transportsektoren helst fyrast på ein kombinasjon av elektrisitet, bio-brensel og hydrogen. I tillegg føreset ei slik utvikling at kollektiv transport må ta ein langt høgare del av persontrafikken enn i dag.

Eit varsko for vår region er at dette bakteppet set preg på politikk og næringsutvikling i mange land og regionar allereie i dag. Med utgangspunkt i fornybar energi ser ein framvekst av nye former for desentralisert energiproduksjon. Ambisjonane for energieffektivisering er på vegg opp, og reiser nye utfordringar for transport, distribusjon og marknadsføring. Sist, men ikkje minst er trykket stort i arbeidet med å utvikle nye teknologiar for lading og lagring.

Ei hovudutfordring med vindkraft og solenergi er nemleg at produksjonen vil variere med naturkref-



tene, til dels i eit uføreseieleg mønster. Eit energisystem basert på vind og sol er dermed kritisk avhengig av lagring for å sikre stabilitet i kraftforsyninga.

Her blir det gjort interessante framsteg, men fortsatt er det langt fram. Behovet for lagringskapasitet er enormt, og aukar desto høgare innslaget er av vind og sol i den samla energiforsyninga. Batteria i dag er store og tunge, og avtrykket dei etterlét i produksjonen er fortsatt ikkje til å kimse av når det gjeld miljø- og klimaomsyn.

### Stort behov for energiteknologi

Utvikling av ny teknologi blir dermed sentralt for omstillinga av energisystemet, med kopling av høgteknologiske produkt og tenester mot ulike delar av energibaserte verdikjeder. Spesielt er potensialet stort i integrasjonen mellom internett og morgondagens energisystem. Smarte nettverk og smarte byar er moteord på frammarsj for alle som driv med energibasert forretningsutvikling, og som kan bli del av dagleg tale for oss alle før me veit ordet av det.

Eit konkret eksempel blant mange er intelligente termostatar basert på nyaste mobiltelefon-teknologi. Som, på linje med Apple sine produkt, vil sikte mot ei betre totaloppleving, med brukarvenleg tilgang til eit vidt sett av funksjonalitetar. Som kan veksle mellom ulike forsyningskjelder basert på svingningar i prisane. Som kan styre tidsfasing av forsyning og forbruk, mellom anna ved hjelp av lagring i batteri, varmt vatn og el-bilar, basert på programmerberre rutinar for optimering.

### Vestlandet må være med

Universitetet i Stavanger tek no interessante skritt for å tilpasse seg omstillinga i energibiletet. Formalisering av eit tverrfagleg nettverk for berekraftig ener-

gi er på trappene, søknad om ein nasjonalt senter for energi-informatikk er til vurdering i Forskningsrådet, og ved Handelshøgskolen ved UiS bygger me undervisningskapasitet og forskarkompetanse på omstillinga mot ei verd med meir berekraftige energisystem.

Mot denne verda er det heile Vestlandet no burde vende seg. At omstillinga møter motstand, er inga overrasking. Som Karin Boye formulerte det: «Ja visst gör det ont når knoppar brister, ont för det som växer och det som stänger.»

For omstillinga er nok fortsatt den eventyrlege olje-historia ein klamp om foten. I tillegg kjem at fornybar-innslaget i norsk energiforsyning allereie er rekordhøgt, slik at få ser behov for å gjere så altfor mykje meir på den fronten. Politikken har i tillegg gitt oss kraftprisar som er så låge at dei nærmast innbyr til sløsing i hushalda, og som drep det meste av interesse for investeringar i fornybar elektrisitet.

### Omstilling av politikarar og politikk

Politikarane våre har dermed ei viktig rolle å spele, både på nasjonalt og regionalt nivå. Omstilling inneber heilt enkelt at når olje- og gassverksemda i tida som kjem vil vekse i eit lågare tempo enn andre næringar, så må ein legge best muleg til rette for høgare vekst i andre næringar.

Berre slik kan ein få ein næringsstruktur som bli mindre sårbar mot oljeprissjokk, skape sysselsetting og aktivitet for dei som no blir til overs i olje- og gassnæringa, og samstundes førebu seg på den stagnasjonen verda no treng i etterspurnaden etter fosile brensel.

@Mohnitor



Olje- og gassnæringa skrik etter tiltak for å bremse nedgangen, men det beste for omstillinga – som no tvingar seg fram – er å legge til rette for høgare vekst i andre næringar.

## Replikk

# Heia Sandnes Ulf!

**Det trenger ikke alltid være så vanskelig. Det vet de i Sandnes.**

Historien om Loai fra Syria og Sandnes har truffet mange. 11-åringen som sluttet på fotballtrening fordi han var redd for mørket. Nei, forresten, ikke mørket - men for menneskene som fantes der ute i mørket et sted, sånne sinte som plutselig sier eller gjør ting som skremmer en gutt fra Syria, eller hvorsomhelstfra, egentlig. Voksne som glemmer at de kan gjøre vondt. Når de sier at folk må komme seg hjem igjen, dit de kommer fra, for eksempel.

Loai ble skremt. Han kuttet ut treningen og ble hjemme i stedet.



**Tarald Aano**  
Redaktør

### Enkelt. Effektivt.

Men historien om Loai Shihk Mohamed stanser ikke der, med fotballsko på hylla og treningsjumperen ubrukt i et skap. Kloke mennesker i Sandnes Ulf fant den enkleste løsningen av alle, de ordnet det slik at noen kunne stikke innom gutten og hente ham på vei til trening. Så slapp han å gå alene, så behøvde han ikke være redd for mørket, så fikk han komme seg til banen der han jaget ball sammen med vennene sine.

Så enkelt.  
Så effektivt.

### Verden er naboen

Det viktigste med denne historien er ikke at en sandnesgutt fra Syria får spille fotball igjen, etter en måneds treningsfri. Lærdommen ligger i nærheten: Nå er verden kommet så nær at ingen kan stenge den ute, om de aldri så mye vil. De nye naboene våre bringer en trøblete verden hjem til oss, de bor tvers over gaten, de begynner i barnehagen vår, på skolen vår, i idrettslaget vårt.

Da handler det ikke lenger bare om storpolitikk og grensekontroll, ikke bare om kvoter og budsjetter, her og nå handler det om å finne de praktiske løsningene, de enkle ordningene, de ubyråkratiske grepene. Som at Eivind Dalane henter en guttunge på vei til fotballbanen.

Vanskeligere trenger det ikke være.

**MER DEBATT**  
SIDE 28-29

**Jeg er forferdet over Donald Trump**  
Fareed Zakaria, redaktør og forfatter, New York  
**Den virkelige arkiv-alarmer**  
Lene S. Tamburstuen, Interkommunalt Arkiv

**Pressens faglige utvalg (PFU)** er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

**Aftenbladet** betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.